



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 27.11.2015
Stad: Hotel Ryfylke Fjordhotel, Sand
Klokka 08:00 – 10:30

Møtte: Torkel Myklebust, Bjørn Laugaland, Einar Horvei, Arne Bergsvåg, varamedlem
Edmund H Utne, varamedlem Svanhild Løge Skålheim

Forfall: Marta Finden Halset, John Opdal, Anders Ryssdal

Sekretariatet: Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet IKS.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 25/15 Førebuing til møte med Fylkesordførar i Rogaland Solveig Ege Tengesdal

Møtet med fylkesordføraren vert gjennomført etter den øvrige sakshandsaminga.

Sak 26/15 Rammer for Årskonferansen 2016.

Denne er planlagt halden etter årsmøte 14.04.2016 på Myrkdalen Hotell, Vossestrand. Styremøte dagen før.

- Tema og programskisse for konferansen
- Inviterte innleiarar
- Inviterte gjester

Hanne Sundbø orienterte om rammer for konferansen. Det må no arbeidast vidare med invitasjon av politikarar frå Stortinget og Fylkestinga. Gjerne fylkesordførar eller leiar i samferdslestyret. Vi må prøva å få med ein sentral samferdslepolitikar frå regjeringspartia.

Vedtak:

Hanne arbeider vidare med førebuingar i samsvar med ramme og etter innspel i møtet.

Sak 27/15 Innspel frå ordførarar

Viktig at fokus på Rv 13 vert løfta fram på nasjonalt nivå. Det må arbeidast for at midlar til Rv 13 ikkje vert avhengig av midlar til store aust-vest prosjekt.

Vedtak:

IS Fjordvegen Rute 13 følgjer opp påverknadsarbeid i samsvar med vedtatt tiltaksplan og prioriteringar i denne. Dette betyr stort fokus på både Oddadalen og Vikafjellstunnelen.

Sak 28/15 Prosjekt Brattlandsdalen – Status

Dagleg leiar orienterte om dialog med Statens vegvesen omkring dette prosjektet.

Vedtak:

Dagleg leiar arbeider vidare med prosjektet og rapporterer tilbake til styret i neste styremøte.

- Sak 29/15** **Revisjon Plan for Profilering og samarbeide 2016 – v/ Hanne Sundbø**
Plan for profileringsarbeid vart gjennomgått.

Vedtak:

Styremedlemmene vert bedne om å gje tilbakemelding til Hanne.

- Sak 30/15** **Revisjon Plan Påverknadsarbeid 2016 – v/ Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø**

Plan vart utlevert i papirform. Det vart ikkje tid til detaljert gjennomgang i møtet. Styret vart beden om å koma med tilbakemeldingar til Hanne etter møtet. Det kom eitt konkret innspel:
Endring av prioritert strekning Lovradalen.

Vedtak:

Styremedlemmene vert bedne om å gje tilbakemelding til Hanne.

- Sak 31/15** **Møteplan 2016**

Vedtak i forrige styremøte:

Møteplan 2015 - 2016:

<i>Desember 2015</i>	<i>Styremøte Mogeleg styremøte 27.11. i samband med opning av Sandsfjord bru.</i>
<i>Januar 2016</i>	<i>Styremøte</i>
<i>13.4.2016</i>	<i>Styremøte</i>
<i>14.4.2016</i>	<i>Årsmøte og Årskonferanse</i>
<i>September</i>	<i>Styremøte</i>
<i>Desember 2016</i>	<i>Styremøte</i>

MRK Sekretariatet forsøker å tilpassa møtedatoar til dagar som passar for fylkesordførarar. Styret ønskjer å invitere alle 3 fylkesordførarar og evt. leiarar i samferdsleutvala til styremøter i 2016. Sekretariatet arbeider vidare med å invitere desse til eigne møter eller fellesmøte.

Forslag til møtedatoar vert sendt ut til styremedlemmene etter at ein har mottoke møteplanar for fylkeskommunane og aktuelle kommunar. Det er gjort avtalar med fylkesordførarane i Hordaland og Sogn og Fjordane at dei ønskjer møte med styret i IS Fjordvegen tidleg i 2016.

Møteplan for heile 2016 med fastlagte datoar vert utsendt så snart det er gjort bindande avtalar med fylkesordførarane.

- Sak 32/15** **Fast post: Gjennomgang av status for Rute 13.**

Denne post utgår i dette møtet.

- Sak 33/15** **Meldingar**

Blix hotell i Vik i Sogn er nytt medlem frå 2016

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

- Sak 25/15** **Førebuing til møte med Fylkesordførar i Rogaland Solveig Ege Tengesdal**

Møtet med fylkesordføreren vart innleia med ein presentasjon av IS Fjordvegen v/ Hanne Sundbø. Deretter var det ei god drøfting av utfordringar for å løfta fokus på denne vegen og korleis sikra midlar til naudsynt utbygging/sikring/oppgradering av Rv 13.

Edmund Utne: Kva med Fjordvegen etter Ryfast 2019? Dette er tema å arbeida vidare med under Reiseliv.

Det vart gjort avtale om at IS Fjordvegen Rute 13 vert invitert til møte i Samferdsleutvalet i Rogaland fylkeskommune den 10.02.16 i Stavanger. Her vil IS Fjordvegen verta invitert til å gje ein presentasjon av selskapet og utfordringane framover.

Møtet slutt kl 10:00

Jostein Eitrheim
sekretær

TILTAKSPLAN FOR PÅVERKNADSARBEID FYLKESVISE TILTAK RUTE 13 – FORSLAG 27.11.2015

Del 2. Vegprosjekt Fv/Rv 13 - FYLKESVISE TILTAK – Strategi 2 i høve selskapet sin HP

Prioritering: *Referanse til styret sitt vedtak 25. mars 2015:*

Rogaland: Rassikring Røsslane, Årdalstunnelen. Hordaland: Brattlandsdalen, Rassikring Deildo, Kinsarvik-Bu. Sogn og Fjordane: Vikafjellstunnelen.

**Sideanvisning i HP: Handlingsprogram til NTP, 2. del (sidenr. startar på nytt)*

Rogaland

Tiltak/strekning	Status NTP, HP + Lokalt arbeide	Kostnad og finansiering (Side i HP*)	Ferdigs tilling	Status arbeid IS Fjordvegen o.a.	Ny Pri
Rassikring Erfjord - Bergekrossen, Sand (Rødslane)	Nemnt i NTP s 292. Planlegg.midler til HP bedt om frå Suldal komm. Strekn.-analyse ferdig. Vegvesen regulerer, Suldal betalar. <i>Forsinka og purra hausten 15. Kostnadsauke</i>			Suldal komm følger opp, etterlyst framdrift frå IS Fjordvegen også.	1
Brattlandsdalen, rassikring		HP s. 66: refusjon nemnt		<i>Sjå under Hordaland</i>	2
Riksvegferja Hjelmeland - Nesvik, auka frekvens (skilje frå Fylkesvegferje Ombo)	Generelt nemnt krav til 30 minutts frekvens i gamal NTP 2010-19, s 114		<i>Ny rute frå 1.1.2016</i>		
Tunnel Årdal, planleggingsmidler rassikring	<i>Kommunedelplan - høyring til 18.11.15. vegvesen-forslag kort tunell.</i>	Nemnt i HP tekstdel		<i>Uttale for lang tunell frå IS Fjordvegen o.a. Spørsmål til statsråden</i>	3
Sykkelveg Jørpeland – Tau (etter Ryfast)					
Utgreiing, framtidig trase Vatne – Strandastøa					
Tunnel – Espedal Frafjord	Prosjektlear tilsett. Pri ned pga Forsand utmeldt frå 2016			<i>Dialog med ny ordførar haust 15</i>	
Veg Etne – Sauda	<i>Pri kun frå Sauda</i>				
Bru over Jøsenfjorden					

(samt refusjon forskotterte midler Tysdalsstranda)

Hordaland

Tiltak/strekning	Status NTP, HP + Lokalt arbeide	Kostnad & Finansiering (side i HP*)	Ferdigs tilling	Status arbeid IS Fjordvegen o.a.	Ny Pri:
Bu - Jøsendal	Behov for utbetring stort, men upri i HP. Flekkvis planarbeide på 4 strekk. Deildo (Børve - Lofthus) blir bygd. Gjenstår: Oddadalen, Kinsarvik - Berget. Trafikksikring -17	HP: s 57-58 Oddadalen: KVVU pågår Odda-Tysse-dal: Kinsarvik-Berget: ferdig plan		<i>Etterspurd framdrift</i>	2 - 3
Odda – Tyssedal (del av Bu – Jøsendal)	Ny regulering må til: <i>Reguleringsplan vedtatt i Odda kommune haust 2015</i>	HP s 57	2018		2
Oddadalen (del av Odda – Jøsendal), skredsikring	2. periode NTP. Del av "Hordalands-diagonalen": <i>Kommunedelplan vedtatt i Odda kommune haust 2015</i>	HP s 57. Planpenger står			2
Brattlandsdalen, Oddasida		Sjå over		<i>Større prosjekt for påverknad igongsett seinhaust 2015 i regi av IS Fjordvegen Rute 13 med ekstern finansiering</i>	1
Lofthus - Kinsarvik	Ingen status				
Granvin - Voss: 3 trafikk-farlege kryss (Svelgane - Mønshaugen) pakke	Trafikksikkerheitstiltak: Enconkrysset og Bjørgum skule.	HP s. 59	<i>Begge kryss 2015</i>		
Granvin- Voss: Jobergstunnelen	Del av Vossapakko. <i>Ny teknologi. Oppstarta august 2015</i>	HP s 57			
Voss – Vinje (E16)	Ferdig vedtatt kommune-delplan. Fullført rundkøyring Skulestadmoen				
Vinje - Myrkdalen	NTP. Ingen status				
Vikafjelltunnelen	2. periode NTP: 2018. Påverknadsarbeid for å få framskunda denne til 1. del av neste NTP-periode. Regul.plan samt plan inne i tunnelen på høyring/komm.behandl.	HP s 57, 2. periode			1

+ Div. små trafikksikkerheitstiltak samt gangfelt, kurvatur-utbetring, kulturminne samt refusjonar etc. i HP.

Sogn & Fjordane

Tiltak/strekning	Status NTP + HP, Lokalt arbeide	Kostnad & Finansiering (Side i HP*)	Ferdig stilling	Status arbeid IS Fjordvegen o.a.	Ny Pri:
Vikafjelltunnelen Sjø over	2. periode NTP: 2018.	HP s 57		MRK Påverknadsarbeid for å få framskunda denne til 1. del av neste NTP-periode	1
Vik – Vangsnes, skredsikring	Oppstart 1. periode NTP	HP s 57			
Bru Esefjorden (Dragsvik – Balestrand) skredsikring (fv)	Kommunedelplan skal igongsetjast				
Auka ferje-frekvens Vangsnes – Hella - Dragsvik	<i>Betra ferjeruter frå 2015.</i> Politisk pri: krav til 30 minutt frekvens		<i>Delvis 2015</i>		
Ferjeleie - standardheving	Vangsnes, trafikkisikring 2015 + rasteplass, inkl Hella	HP s. 59			
N. Turistveg Gaularfjellet (fv): standardheving	Rasteplassen Utsikten: oppstart bygging 2015				
Rørvikfjellet, del av N. turistveg Gaularfjellet (fv)				Brev sendt S& Fj. Fylkeskomm	

Fylkesovergripande felles tiltak

Tiltak/strekning	Lokalt arbeide	Kostnad&Finansiering	Ferdigstilling	Status arbeide i IS Fjordvegen	Pr i
Skilting v/ planlagte, nye og gamle trasear	Oppdatert styret på skiltregelverk des. 14. IS Fjordvegen venter på initiativ frå kommunane.	0	Vår/haust 15		
Kollektivtransport, sesong: Rute 13-bussen eller fjordbussen	Tide Reiser prosjekt: ekspressbuss sommarsesong: Forsand/ Preikestolen - Trolltunga/Kinsarvik		TIDE: oppstart rute sommer 2015	<i>Samarbeide om marknadsføring. Påverknad til framhald og vidareutvikling 2016 og seinare</i>	
Avklaringar nasjonale turistvegar: status i samband med endra trasear/ nye tunnelar.	Dialog turistvegkontoret.			<i>2015: Møte og felles brev med reiselivsnæringa i Ryfylke i høve forslag om stort streknings-kutt Hjelmeland – Lysefjorden. Årsmøtetema</i>	
<i>Nytt punkt: E134 – Rv13: rv 13 Hordatun – nytt kryss E134</i>	<i>Ny trase, påverknad for endra vegnummerering (tilsvarande Ryfast)</i>	<i>Oppgradering gjennom Røldal</i>		<i>Drøfte kopling mot nytt prosjekt Brattlandsdalen</i>	
Endepunkt/side-trasear nord og sør: avklaring om nye medlemskommunar og breiare arbeidsfelt	Sogn og Rogaland			<i>Vidareføring 2015-16 + betre kopling mot fylka</i>	

IS FJORDVEGEN RUTE 13 – TILTAKSPLAN PROFILERING OG SAMARBEIDE - 2015 - 2016.RULLERING 2015. Visning til Strategiar 1 - 3 i **Handlingsplan 2016-18. Forslag til prioritering med raudt:**

Tiltak i høve HP 2016-18	Definert tiltak	Konkretisering	Tidsrom - ferdigstilt	Ansvar/ Budsjet	Prioritet med grunngjeving
1	PROFILERING				
1.1.	- Fylkeskommunane (fylkesordførarar som representant) og Vestlandsrådet Formelle møte	Tre formelle møte med fylkesordførarar	Okt 15 – mai 16	Styret	Pri 1: Fylkeskommunane v/fylkesordførarar og samferdselsutvala, Orientering + posisjonering for neste NTP. Basis for positivt resultat i vestlandsrådet
1.1.	Oppfølging fylkesvise planar (Areal/ transportplanar m.v.)	Dialog i høve punkt ovafor	Ved behov	Styret	
1.1.	- Lokalt - Kommunane: nye ordførarar, Kommunestyre og regionråda – kontakt og formelle møte. Avklare rolle-fordeling (regionråd mm)	Brev + tlf til alle nye ordførarar Regionråda: styre-medlem + HS/JE. Kommune oppsagt medlemskap: Forsand.	Okt -15 Vinter 2015-16		Høg pri etter nyvalet. Rask synleggjering, tettare medlems-kontakt
1.1.	Styretur til medlemmer		Sept 2016	Adm + styret	Høg pri. Tettare medlemskontakt, dialog, pressemerksemd.

1.1.	Oppfølging av definerte medlems-gode – offentlege og private medlemmer Oppsøkjande verksemd: Tilby deltaking på andre medlemmer sine møte (politikk, næring, reiseliv)	Fjordveg-drøsen Møte og telefonkontakt	3-4 ggr/år		Medlems- og styrepresentasjon. Dialog om behov
1.2.	Eigne informasjonskanalar: etablera og vidareutvikla, forskjellige roller	1.Eigne Nettsider www.fjordvegen.no 2.Facebook 3.Foldar, ny versjon 2017	Kontinuerleg		Høg pri: Fase 1. Få ut rett info, merksemd kontinuerleg, medlemsrekruttering, hjelpemiddel for styret/medlemmer
1.2.	Oppnå omtale i andre sine kanalar				Fase 2.
1.3.	Årskonferansen 14.4.2016, Voss	Sept 15 - april 26	Arb.gruppe - HS		Høg pri: Tema: NTP, fagtema samferdsel + reiserute-utvikling (årleg). Medlemspleie + rekruttering, debatt-arena. Merksemd i media for innbyggjarar og politikarar, politisk gjennomslag
2	PÅVERKNAD				
2.1.	Samarbeide vegvesen - byggje og vedlikehalda kontaktnett	Føredrag på vår års-konferanse. Invitere på styremøte med fagtema. Dialog på konferansar og andre arenaer	kontinuerleg		
2.2.	Støtte kommunar/regionar i enkeltsaker: Gje uttalar til konkrete samferdsels-prosjekt	Døme tunell Tysdalsstranda - Årdal	Ved behov.		Pri 1. Geografisk fordeling i administrasjon/styret. Adm supplert med styret i kvart fylke

2.2.	Konferansedeltaking samferdsel/rassikring nasjonalt, regionalt og lokalt	Synleggjera og påverka for Fjordvegen på Høgfjells-konferansen, Rassikrings-konferansen, Logistikk-dagen etc. Byggja nettverk og innhenta informasjon og kompetanse. Overvåking		Styret - administrasjon	Høg pri
2.3.	Initiativ til møte med sentrale styresmakter i enkeltsaker		Ved behov og initiativ frå medlemmer	Styret	
2.4.	Engasjement/påverknad i høve Nasjonale turistvegar og forslag til kutt i Ryfylke. Generell oppfølging tema som kombinasjon rassikring og turistveg, samt reiserute-utvikling	Møte Årskonferanse – regionale reiselivsmøte	HS Destinasjonane	HS	Høg pri
2.5.	Fagleg utgreiingar	Oppfølging/spreiing av Attraktivitetsanalysen 2014			
3.	MEDLEMSKAP				
	Utvikle medlemsgode – private aktørar	Nettside, lokale møte, årsmøtepåverknad, omtale Fjordvegdrøs		HS	
	Rekruttera kommunar og off. organ			Styreleiar - HS	Høg pri. Nord: Sogn & Fjordane. Forsand
	Rekruttera private organisasjonar og enkeltbedrifter	Invitera til styremøte samt innlegg på årskonferanse			Store og samferdsels-engasjerte hotell, entreprenørar, transportørar. Nord: Voss. Attraksjonstilbydarar i reiseliv